

Innkalling

Studieprogramråd for barnevern

Møtedato: 06.12.21

kl. 13.00 – 15.00

Sted: Zoom-møte

Deltakere:

Marita Brekke Skjelvan, fagseksjonsleiar/ Studieprogramansvarleg
Berit Marie Njøs, faglig representant
Elisabeth Geshe Lyngstad, studentrepresentant, 1. klasse
Mahsa Dowlat, studentrepresentant, 3. klasse
Ove Mjåtveit, Einingsleiar Sunnfjord barnevern, eksternt medlem
Ann-Iren Høgalmen, HIVO, eksternt medlem, fagfellerepresentant
Kari Bergset, fagleg representant (vara)
Ingrid Faaberg, referent

Forfall:

Siv Berit Molland, studentrepresentant, 2. klasse
Hege Sundt, faglig representant
Tone Jørgensen, faglig representant
Bosse Litsheim, faglig representant (vara)
Sandrina Sandell, Løvetannakademiet, eksternt medlem, brukarrepresentant

Etablering av studieprogramråd og rammeverk for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanning:

[Studieprogramråd](#)

[Studieprogramråd ved FHS](#)

[Kvalitetshandboka](#)

[Utdanningskvalitet ved FHS](#)

[Rammeverk](#)

[Retningslinjer for honorar og lønn til studenter](#)

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
1/21 Godkjenning av innkalling og sakliste		Innkalling og sakliste skal godkjennes med evt. kommentarer	Fagseksjonsleder	2 min
Referat: Merknad til sak 3: informere om valt oppfølgingsform, sidan semesteret og evaluering er godt i gang.				
2/21 Etablering av Studieprogramråd	Vedlegg: Sjå lenkar over	Velkommen til to nye studenttillitsvalde. Kort presentasjonsrunde og kort gjennomgang av mandat for studieprogramrådet	Fagseksjonsleder innleder og orienterer	10 min
Referat: Presentasjonsrunde i studieprogramråd for barnevern. Rådgevande organ der vi kan drøfte, evaluere og ta opp saker som gjeld studiet. Årshjul med fastsette saker. Vi skal prøve å sette dato for vårens møter så fort som mogleg slik at medlemmer får sett av dato.				

3/21 Fastsette oppfølgingsform for studieprogrammet studieåret 2020-2021	Vedlegg:	Informasjon om korleis emna vert evaluert Studieprogramrådet inviteres til å gi innspill til valg av oppfølgingsform.	Fagseksjonsleder presenterer forslag og innleder til diskusjon	10min
<p>Referat:</p> <p>Bachelor i barnevern nyttar dei same evalueringsformer som i førre studieår.</p> <p>Det er midtvegsevaluering i kvart emne med anonym undersøking i forkant av klassemøtet. I klassemøtet går ein gjennom resultat av undersøkinga med klassen. Ved behov set ein opp møte med tillitsvalte.</p> <p>Dei fagtilsette har emnemøter knytt til emna i forkant og etterkant, og utarbeider emnerapport i slutten av emne.</p> <p>Det vert gjennomført sluttevaluering når emne er fullført saman med studentar, resultatane av dette skal leggast ut til studentane.</p> <p>Det kjem Innspel om at studentar kan vere med på emnemøte.</p> <p>Fagseksjonsleiar og programkoordinator har jamlege møter med tillitsvalte for kulla.</p> <p>Det som er utfordrande er å få studentane til å svare på dei evalueringane som vert sendt ut, og i tillegg kan det vere vanskeleg å få studentane til å møte på klassemøte og engasjere seg. Dette er erfaringa frå eksterne også. Student kjenner seg også igjen i dette, har prøvd ulike former for å få tilbakemelding frå medstudentar. Det er varierende kor stor svarprosent det er.</p> <p>Fagseksjonsleiar tek med seg dette i arbeidet vidare med evalueringsformer – skal ein velje ei anna løysing?</p>				
4/21 Bilde av utdanninga	Vedlegg:	<ul style="list-style-type: none"> • Rekruttering og opptak • Gjennomstrømming, strykprosent, og karakterfordeling • Lærings- og vurderingsformer (utgår). 	Fagseksjonsleder innleder og inviterer til diskusjon	40 min

<p>Referat:</p> <p>Studentttal:</p> <p>Kull 2019: 50 stk, Kull 2020: 50 stk, Kull 2021: 59 stk Kull 2018: 36 stk står som fullført (som har fått vitnemål). Vi ligg over måltala på kommande kull. Oppstart og haust 2021 har vore prega av covid-19, det har vore både fysisk og digital undervisning. Ferdighetstrening har vore prioritert til fysisk undervisning på campus. Det har ikkje vore gjennomført skuleeksamen på campus hausten 2021. Eit par eksamenar er no gjort om til digitale eksamenar grunna utviklinga i smittetrykket. Utfordringa i haust har vore at studentane er van med å få digital undervisning, og det er vanskeleg å gå tilbake til berre fysisk undervisning. Barnevernsutdanninga har ikkje praksis i haustsemesteret så det har ikkje blitt påverka. 2. klasse skal ut i praksis etter nyttar, og 1. klasse skal ut i praksis i mai. Det har vore enklare å få tak i praksisplassar denne hausten enn førre haust. Dette er også fordi praksisperiodane til barnevern og sosialt arbeid ikkje går samstundes i ny studieplan.</p> <p>Vår 2022 er planlagt med fysisk undervisning, så må ein sjå an korleis situasjonen utviklar seg.</p> <p>Gjennomstrøyming: gjennomgang av tabellar, det er forventta fråfall i utdanninga. Strykprosenten er jamn og det er jamn karakterfordeling. Når det gjelder fråfall er tendensen at det er ein del som detter frå i byrjinga av semester, mellom 1. og 2. klasse og før/etter praksisperiodar. Når det gjeld eksamen syner tala at studentane gjer det betre på munnleg eksamen enn skriftleg. Den akademiske skrivinga er utfordrande, og her vil fag ta vurdere å gjere nokre grep. Tabell er vedlagt referat.</p>				
5/21 Ny Master på instituttet: Master i sosialvitenskap				20 min

Referat:

Ny master ved HVL: [master i sosialvitenskap](#)

SPR har vore høyringinstans for masteren. Den er no godkjent og publisert på nettsidene. Tre retningar for denne masteren; barnevernsarbeid, miljøterapeutisk arbeid og samfunnsarbeid. Det vert oppstart haust ~~2023~~ 2022 i Bergen, studieretninga barnevern med 25 plassar og miljøterapeutisk arbeid med 15 plassar. Søknadsfrist er 1. mars. Haust 2023 er planlagt oppstart for samfunnsarbeid. På vitnemåla vil det stå til dømes master i barnevernsarbeid – skal vere tydeleg at dette er godkjent etter dei nasjonale retningslinjene. Masteren har same oppbygging som OsloMet sin master i sosialt arbeid.

Når det gjeld studieretninga barnevernsarbeid så fyller den krava til nasjonal retningslinje for masterutdanning i barnevernsarbeid. Nasjonal deleksamen i jus skal vere ein del av fyste semester, og på 5 studiepoeng. Forskrifta er brukt aktivt i arbeidet med masteren. Deleksamen i jus kan ein ikkje justere på, den skal vere felles for alle som tek master i barnevernsarbeid. Fyste semester har fellesemne med dei andre studieretningane. Oversikt over organisering finn vi [på nettsidene](#).

Eksternt medlem fortel at dei må lyse ut etter dei som har barnevernmaster, ikkje alle mastergrader som er «godkjent» i forskrifta. Løn vert også påverka i praksisfeltet. Det er viktig at forskrifta er tydeleg på kva som skal vere med i ei «gyldig» mastergrad. Praksisfeltet understrekar at det er behov for tilsette med mastergrad.

Opptakskrava er litt ulike inn i mastergraden. Det er jobba med at til dømes vidareutdanninga barnets beste skal kunne innpassast i mastergraden. Det vert starta opp som heiltidsutdanning, og det er også laga ein plan for korleis masteren kan gjennomførast på deltid. Det er mogleg å gå rett frå bachelorgrad til mastergrada.

Masterkravet i barnevernssektoren er knytt mot dei to gyldige mastergradene – master i barnevern og master i barnevernsarbeid.

Volda har søkt om master i barnevernsfagleg arbeid (same som HVL). Dei har ei arbeidsgruppe som jobbar med dette. I utgangspunktet hadde dei tenkt å knyte denne til eksisterande master, men har heller gått for ein heilt ny master. Målet er å starte opp i 2022 og dei har fått studieplassar frå 2022.

Praksisfeltet håpar at studentane fullfører bachelor, får erfaring og deretter tek master. Få opp statusen på arbeidet, i dette krevjande arbeidsfeltet. Det er få som har mastergrad i Sogn og Fjordane. Oppmoding om å køyre på og ta master for å styrke fagfeltet.

6/21 Eventuelt		<ul style="list-style-type: none">• DIKU-prosjekt Internasjonalisering• Informasjon om ny leiar på utdanninga• Studentassistentar		15min
-----------------------	--	---	--	-------

Aktuelle orienteringssaker fra HVL, FHS utdanning		<ul style="list-style-type: none"> • Vidareutdanning innføring i forvaltningsrett og juridisk metode 		
<p>Referat:</p> <ul style="list-style-type: none"> • DIKU- prosjekt internasjonalisering – Institutt for velder og deltaking fått tildelt ca. 3 millionar til arbeidet: UT i VERDEN! Dette er eit tverrfagleg prosjekt der det skal jobbast fram til 2025 med ulike arbeidspakker for å styrke internasjonaliseringa i utdanningane. Fokus er 1: kultur for varig auka studentmobilitet, 2: varige strukturar for studentmobilitet, 3: auka læringsutbytte for studentmobilitet i heilskaplege studieprogram, 4: formidling og dokumentasjon. Målet er at 30% av studentane og ein del faglege skal UT i VERDEN. Korleis kombinere dette med forskrift om barnevernsutdanninga? Det er ei utfordring å få til dette, 5. semester er planlagt som utvekslingssemester. Jobbar med dette i saman med sosialt arbeid og vernepleie. Studentar har opplevd det som vanskeleg å søkje utveksling – det arbeidast med å utvikle ein app som skal gjere det enklare å søkje. Har ikkje vore utveksling dei siste semestera grunna covid-19. Kor det er mogeleg å reise ligg i studieplanar, og det blir arbeida med nye avtalar med universitet. • Ny fagseksjonsleiar på barnevernsutdanninga, og dermed ny leiar for SPR – Sandra Oppheim, noverande fagtilsett på sosialt arbeid. • Studentassistentar – eit prosjekt ved HVL etter tildeling av coronamidlar. Oppstart vår 2021, målet var tettare oppfølging av 1. årsstudentar. Studentar i 2. og 3. klasse kan søkje jobb som studentassistent, der arbeidsoppgåva er å leie grupper for 1. klassestudentar. Prosjektet fortsett vår 2022. Barnevernsutdanninga har tilsett 5 studentar som studentassistentar som følg opp basisgruppene på utdanninga. Dei støttar 1. årsstudentar i den fagleg utviklinga på ulike måtar, og kan også vere sosial støtte. Målet er at studentane kan dra nytte av kvarandre. Det er ulikt kor langt utdanningane er komne i arbeidet og korleis dei legg det opp. Student fortel at opplegget har endra seg undervegs slik at mengde studentar har variert. Praksisperiodar gjer til at mykje av opplegget må gjerast digitalt. Fagleg tilsett er imponert og fornøgd med arbeidet til studentassistentane. Det er no utlyst stillingar som studentassistent . Det er også planlagt ei gruppe for fleispråklege studentar, for å gi støtte mot språkvanskar. • HVL startar opp vidareutdanning i forvaltningsrett og juridisk metode. Nettstudium på 7,5 studiepoeng, startar opp i januar. Søknadsfristen var 1. desember. 				